



Nybygg på Lyngmo

**Nye ting på gang
Lyngmo
➔ i ny drakt**



Tid for sommarleirar

- sjå baksida for informasjon!!



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND



NM hotels
Norske Misjonshotell og Gjestehus

Helsing frå Lyngmo

«Lyngmo i endring» har vore ein viktig del av overskrifta for arbeidet til underteikna dei siste par åra. På arrangementssida, har det rett nok ikkje vore dei store endringane. Sjølv om nokre få nye arrangement har dukka opp, ønsker me å utvikle og utvide tilbodet på Lyngmo ennå meir. Me ønsker å strekke oss etter å realisere målet om å leggje til rette gode arrangement for barn, ungdom, vaksne og eldre. Ja, Lyngmo skal vera ein stad for alle generasjonar!

For å kunne leggje til rette for gode arrangement og at deltakarane skal trivast på Lyngmo er me avhengige av gode fasilitetar. Difor har mange små og store prosjekt vore planlagt og gjennomført - og dermed ført til positive endringar på Lyngmo! Det er stor stas når dei faste gjestene våre legg merke til og er nøgde med vedlikehaldet og oppgraderingane som er gjort! I vinter og vår har me hatt mange prosjektdagar;

- Kjøkkenet er totalrenovert
- Det vart også laga nytt fryserom
- Ny heimeside er lansert
- Parkeringsplassen er utvida
- Siste veka før påske vart loppemarknadsprosjektet for 2013 realisert: Matsalen og minimatsalen vart støysolert. Familieane på påskeleiren til NLM gav positivt uttrykk for at det var mindre forstyrrende romklang og ein betre atmosfære i matsalen denne påsken!

Den STORE endringa styret jobbar fram mot er realisering av planane for den gamle internatdelen: På grunn av standarden ser me ingen anna utveg enn å rive den og byggje opp att frå grunnen. Det vert eit kjempestort løft

og det vert spanande å sjå om me klarar å realisere planane. Eg ønsker å utfordre alle til å bidra for at me kan klare dette. Les meir om prosjektet lenger bak i Glytten!


I staben vår er det også ei endring; Siv Anita Loka Berget, som har hatt fødselspermisjon siste året, har sagt opp stillinga si som barne- og ungdomsarbeidar. Siv Anita har primært hatt ansvar for dei eldste aldersgruppene på leir. I tillegg har ho vore med på bibelcamping, barnelagsbesøk og andre arrangement her på Lyngmo. TUSEN TAKK for arbeidet du har gjort for at barn og ungdom i Sogn skal få eit møte med Jesus!

Samstundes som me mistar ein flott arbeidar er me glade for at Endre Hilleren har takka ja til å gå fast inn i stillinga han har hatt som vikariat i eitt år. Endre, som er klar for vidare innsats er godt kjent på huset frå før gjennom leirarbeidet, sommarjobb og som vikar siste året.



Endre held fram på Lyngmo, Siv Anita er klar for nye jobbopdrag!

Leirtravar



Namn: Kristoffer Sunde

Takk for intervjuet! :)

Kjem frå: Skei i Jølster

Alder: 11 år

Har du vore mange gonger på leir?

Nei

Kva leir likar du best? Vinterleir

Kva var kjekkast på denne leiren?


Ski og OL-leikar

Synes du at det er greit å læra noko om Jesus på leir? Ja

Kjem du att på leir? Ja

Lyngmo sine nettsider i nytt design!

www.lyngmo.info.com



Ting på gang ⇒ Lyngmo i ny drakt

Lyngmo Ungdomssenter vart teken i bruk i 1965. Etter starten, der det kun var sommar-drift, har leirplassen blitt utvikla og utvida fleire ganger. No er leirstaden vår ei heilårsbe-drift med seks fast tilsette og arrangement ca. 230 dagar i året (annakvar dag i snitt). Fram-leis er siste rest av brakkeriggen, som vart henta etter kraftutbygginga i Fortun, stadig i bruk. Sjølv om «gamle internate» har blitt pussa opp ved fleire høve, så bær fasilitetane i denne delen preg av at dei var bygde i ei anna tid, med ein anna standard. Styret er samstemte i at tida er godt mogen for å gjere noko med dette. Planleggingsarbeidet har gjeve ty-delege svar på at riving og oppattbygging er einaste reelle alternativet. I løpet av våren hå-par me å ha klar teikningar, slik at me kan jobbe vidare med innhaldet og det tekniske i bygget. Skissene som er laga så langt, gjev eit areal som er om lag dobbelt så stort som me har i den gamle delen i dag.

Dei foreløpige teikningane inneheld blant anna 10 soverom med bad, kontorfellesskap, tørkerom og sanitæranlegg til camping og hyt-ter. I tillegg er me svært glade for å få plass ein aktivitets- og leikehall på ca. 160 m², med 3,7 meter takhøgde. Den ser me fram til å kunne bruke i leirarbeidet!

Med ulike byggtekniske krav til branntryggleik, inneklimate og energi-økonomisering må ein rekne med at kostnadane med eit slikt bygg vert store. Foreløpige estimat gjev oss ein prosjektkostnad på 13 - 14 milli-onar kroner. Bygget har ikkje vore ute på anbod, så desse tala må rek-nast som foreløpige!

For styret vert ein viktig del av job-ben å skaffe nok kapital til prosjek-tet. Foreløpig plan for økonomien ser slik ut:


-Lån frå bank eller næringsfond:	8,5 mill
-Oppspart egenkapital:	2,0 mill
<u>-Gåver:</u>	<u>3,5 mill</u>
TOTALT	14,0 mill

3. mars vart det halde eit ope informasjons-møte om byggeprosessen. Ca. 60 personar møtte opp for å høyre at planane vart lagde fram.



Torodd Urnes, nestleiar i styret, på infomøtet 3. mars

Gåvekomiteen er nyleg komen i gang og me er svært takksame for å sjå at dei første gåvene akkurat har byrja å komme inn på konto! Som de ser på diagrammet: Blå søyle er målsetjing og oransje søyle er status pr 6. mai 2014. [Dersom du vil støtte prosjektet kan du sende gåva di til konto nr. 3720.07.68427](#)



Dei første skissene

Nedanfor er eit foreløpig oversiktsbilete av Lyngmo. Arkitekten vår jobbar med å leggje inn endringar og oppdatere teikningane. Me håpar på å ha nye skisser på plass i løpet av våren! Desse vil etter kvart bli presenterte på heimesida vår og i neste Lyngmo-Glytten.



Dugnadshjelp - inspirasjonssamling

Mange er glade i Lyngmo!! Det ser me igjen på eit stort dugnadsengasjement. På biletet er dugnadsteama som vaskar internatet og bonar golva i hovudbygningen på vaskedag og inspirasjonssamling. Slike dagar er til stor hjelp og ei enorm oppmuntring for oss som jobbar på Lyngmo. Tenk å oppleve fellesskapet med dei som stiller på dugnad! Me var ca. 20 personar til lunsj ;)

All dugnadsinnsats på Lyngmo utgjer mellom 4 og 5 årsverk. Då har me rekna med leirleiarar, vaktmeisterteam, vasketeam, kjøkkendugnad, styrearbeid og så vidare. Det betyr at det er meir dugnadsarbeid enn fast tilsette (rett under 4 årsverk) på leirstaden vår!!



Dette skjer på Lyngmo:

Mai 2014

19.-22. Vi over 60
30. - 1. juni Årsmøte SFI

Juni 2014

30. - 1. juni Årsmøte SFI
6.-9. 7. -10. klasseleir
12. Småbarnstreff
13.-15. 2.-4. klasseleir
20.-23. 4.-7. klasseleir
29.-7. juli Bibelsommar i vest

Juli 2014

29.-7. juli Bibelsommar i vest
13.- 19. Familieleir Ungdom i oppdrag
23.-27. Familieleir NTM

August 2014

11.-14. Pangstartleir
28. Småbarnstreff
30.-31. Bibelhelg

September 2014

4. Knøttekor og Torsdagsklubb
11. Småbarnstreff
12.-14. 2.-4. klasseleir
18. Knøttekor og Torsdagsklubb
19.-21. Internatmøte for kvinner
25. Småbarnstreff
26.-27. Loppemarknad

Lyngmo er 50 år til neste år.

50 - års jubileumet til Lyngmo vert feira laurdag 13. og søndag 14. juni 2015. Leirplassen vår fortener ei skikkeleg feiring og styret lagar til fest for heile familien. Set av denne helga rett før neste sommar!

Vi over 60 (19. - 22. mai)

Mån 19.–ons 21. mai: Opne møter kl. 20.00

Tysdag 20. mai kl. 15.30: Seminar om rus- og alkoholproblematikk v/ Arne Johansen (Styreleiar i Actis)

For måltid: Kontakt Lyngmo for påmelding!

Loppemarknad

Me tek i mot lopper til loppemarknaden heile året. Ta kontakt for levering på tlf 57 68 43 66 eller e-post: lyngmo@lyngmoinfo.com

Årsmøte SFI

Velkommen til årsmøte for Sogn og Fjordane Indremisjon laurdag 31. mai.

Bibelsommar i Vest

Velkommen til opne bibeltimar og møter under bibelcampingen 29. juni - 7. juli

Minnegåve

Tusen takk for gåva som vart gitt i samband med gravferda til Kristina (Stina) Lomheim.

Dugnadspersonen – Eivind Ruud

Når fekk du eit forhold til Lyngmo?

Ved opninga i 1965. Eg var på første påskeleiren. Eg kan minnst at møtesalen ennå ikkje var ferdig. Internatet var klart, der budde me på 4-mannsrom. Elles brukte me matsalen og peisestova. Det pleide å vera bra med folk på leirane! Seinare har eg hatt eit godt forhold til Lyngmo.

I dag er det målingsarbeid som står på programmet. Kva type dugnadsarbeid likar du best?

Generelt vedlikehaldsarbeid og malingsarbeid.

Du er ein fagmann! Kva jobba du med før du pensjonerte deg?

Opprinneleg var eg utdanna innan kontor og administrasjon, men eg byrja på nytt og tok yrkesskule og tømrarlinje. Det vart nokre år med jobbing som tømrar. Seinare jobba eg i mange år som vaktmeister på fylket sine bygg og anlegg.

Kvifor vel du å bruke mykje tid på dugnad på Lyngmo?

Lyngmo og Kaupanger bedehus har vore viktige stadar i livet

mitt og eg ønskjer å gje noko tilbake. I ein hektisk arbeidskvardag var det mindre tid til å hjelpe til. Etter eg pensjonerte meg vart det meir tid til slikt. Det kjennest som ei stor glede å få hjelpe til. Det er ein stor verdi å ha ein kristen leirplass som Lyngmo, der dei oppvekksande generasjonane med barn og ungdom kan få høyra om Jesus!

Me som jobbar på Lyngmo er svært takksame for jobben som Eivind gjer! Det er supert å ha ein fagmann i dugnadsstaben. Eivind gjer godt og nøyaktig arbeid og er samstundes ein god mann å ha til å rådføre seg med! Tusen takk for all god hjelp!



UL 2014 29.07 - 02.08.14

Tema: **Hellig** Kongeparken, Ålgård

Info & påmelding: **UL.NO**

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo

Telefon: 57684366
E-post: lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside: www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3720.07.68427

SOMMARLEIR PÅ LYNGMO!!

2 - 4 klasseleir	13. - 15. juni	475,-
4 - 7 klasseleir	20. - 23. juni	695,-
7 - 10 klasseleir	6. - 9. juni	760,-
Pangstartleir	11. - 14. august	760,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå og med søsken nr. 2

For påmelding og informasjon:

Mail: bu@lyngmoinfo.com

Tlf: 57 68 43 66

